



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-U01	22/1336

TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL ETABLERING AV TILBOD SOM PERSONLEG TRENAR

Vedlagte saksdokument:

Revidert søknad om støtte frå næringsfondet til enkeltmannforetak - personleg trenar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får føretaket «PT Silje Hetterud Dale» tildelt inntil kr. 10 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til etablering av tilbud som personleg trenar innanfor Muscle Tissue Training (MTT).

Tilskotet utgjer 50 % av «godkjende kostnadar» på kr. 20 000,-, og er knytt til innkjøp av utstyr og utgifter til marknadsføring, i tråd med kostnadsoverslaget i søknaden.

Utbetaling av tilskotet vert knytt til «godkjend kostnadar» og innsendt sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare, faktiske kostnadar kan gje lågare tilskot.

Løyvinga gjeld i to år frå vedtaket er fatta, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Føretaket «PT Silje Hetterud Dale» søker om midlar frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til å finansiere oppstart av tilbud som personleg trenar, for å førebyggje og handsame muskel- og skjelettplager. Føretaket er lokalisert på Dale.

Søkjjar har tidlegare søkte om tilskot til tiltaket, med avslag frå formannskapet i møtet av 17.01.23. Gjeldande søknaden er revidert og oppdatert.

Kostnadane med å etablere tilbud innanfor Muscle Tissue Training (MTT) er oppgjeve til kr. 20 000,-, fordelt på utstyr til behandlingsrom og marknadsføringsmateriell. Det er ikkje søkt om eit spesifikt søknadsbeløp.

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket det vert søkt om midlar til, er innanfor fondsføreemålet om å fremje næringsutvikling i kommunen. I dette høvet vert det gjort framlegg om å løyve inntil kr. 10 000,- til føretaket. Beløpet utgjer 50 % av «godkjende kostnadar», som er over «tilskotgrensa» på 30 %. Sjå nærare grunngjeving under «Saksvurdering».

Bakgrunn for saka

Vaksdal Kommunale Næringsfond skal nyttast til å fremje næringsføremål i kommunen, inkludert primærnæringa. Prosjekt/tiltak som medverkar til nyskaping og moglegheit for sysselsetting, skal prioriterast, jf. fondsvedtektene § 2.

Fondsstyret, ved Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ), fattar vedtak om løyving frå fondet, etter innstilling frå administrasjonen.

I søknad av 31.03.23 søker føretaket «PT Silje Hetterud Dale» om tilskot frå næringsfondet til å etablere tilbod om personleg trenar, med vekt på førebygging og handsaming av muskel- og skjelettplager (MTT- Muscle Tissue Training).

Søklar er i dag utdanna som personleg trenar, med jobb som PT på Next Dale. Ho har teke tilleggs-utdanning innanfor MTT, og tilbyr no eit treningstilbod med vekt på muskel- og skjelettplager. Tilbodet er lokalisert ved treningssenteret Next på Dale.

I følgje søknaden er det oppgjeve følgjande kostnadar med etablering av tilbodet:

- Utstyr til behandlingsrom : kr. 15 000,-
- Marknadsføringsmateriell : kr. 5 000,-
- SUM : kr. 20 000,-

Det er ikkje søkt om eit spesifikt søknadsbeløp.

Det går fram av søknaden at PT-tilbodet innanfor MTT skal inngå som del av nærings- og inntektsgrunnlaget for søklar, i tillegg til arbeidet som PT hos Next. Målet er at tilbodet skal vere av langsiktig karakter.

Det går fram av søknaden at muskel- og skjelettplager er utbreidd i samfunnet. I dette høvet peikar søklar på behovet for treningstilbod og den samfunnsmessige nytten av god helse.

Nærare informasjon går fram av søknaden (sjå vedlegg).

Formelt grunnlag:

- Vedtekter for Vaksdal Kommunale Næringsfond, vedteke kommunestyret 14.06.22
- Vedtak i kommunestyret 21,02,23, sak 05/2023: «*Oppstartsdato for Næringsfondet skal vere 14.06.22, og søknader sendt inn etter denne dato skal behandlast. Det må søkjast innan 1 år etter tiltaket er iverksett. Det er opp til fondsstyret å vurdere dato for når eit tiltak er fullført eller ikkje*».

Vurdering og konsekvensar:

Søklar innfrir vilkåret om registrering av føretak i Brønnøysundregistrene, og søknaden sitt innhald vert vurdert som tilstrekkeleg for sakshandsaming, jf. §§ 2 og 4 i fondsvedtektene.

Midlar frå næringsfondet skal nyttast til å fremje næringsføremål i kommunen, og mellom anna medverke til nyskaping og sysselsetting.

Det etablerte PT-tilbod innanfor MTT, skal inngå som del av søklar sitt arbeids- og yrkesretta

grunnlag. Tilbodet har soleis karakter av å vere næring, sjølv om satsinga er avgrensa i omfang. Kombinasjonen med dagens arbeid ved Next, aukar derimot næringsverdien for søkjar, og moglegheita for slike koplingar er ofte føresetnaden for å lukkast med lokale satsingar.

Føretaket søkte om tilskot frå næringsfondet ved søknadsomgangen i januar 2023, men fekk avslag. Argumentasjonen var mellom anna at tiltaket ikkje var tilstrekkeleg konkretisert i høve til økonomi og næringsretta drift.

Føretaket har no starta drifta, og den nye søknaden er noko meir utdjupa, med vekt på tilskot til utstyr og marknadsføring. Søknaden kunne vore meir konkret med tanke på marknadsgrunnlag og økonomi, men vert likevel sett på som tilstrekkeleg for å kunne løyve tilskot. Denne vurderinga er gjort med bakgrunn i tiltakets karakter og omfang.

Kommunedirektøren finn at verksemda det vert søkt om tilskot, fell innanfor føremålet med næringsfondet, jf. § 2, også når det gjeld kva det vert søkt om tilskot til.

I følgje vedtektene § 4, skal finansiering frå fondet skal som hovudregel ikkje overstige 30 %, eller opp til kr. 300 000,- av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt. Oppgjeven kostnadsramme med gjeldande tiltak, er låg (kr. 20 000,-), som vil gje kr. 6000 ,- i tilskot ved nemnde finansieringsgrad. Dette er eit relativt lågt tilskotsbeløp. Sidan tiltaket er i ein etableringsfase, og at verdien av eigeninnsats ikkje er teke med i søknaden, gjer difor Kommunedirektøren framlegg om å løyve inntil 50 % av budsjettert kostnad. Dette gjev kr. 10 000,- i tilskot.

Kommunedirektøren ber FPØ vere merksam på innstillinga ved si handsaming.